

# D-dimer ( FDP ) i plasma

Fibrin degraderingsprodukt. D-dimer

## Bakgrunn

D-dimer er eit nedbrytingsprodukt av uløseleg fibrin, som utgjer nettverket i eit koagel. D-dimer består av C-terminal ende av to fibrin-monomerar haldne saman av kovalente bindingar. Slike bindingar fins ikkje i fibrinogen og løyseleg fibrin. D-dimer er difor spesifikk for nedbryting av uløseleg fibrin.

## Indikasjonar

Mistanke om tromboemboliske tilstandar (DVT, lungeemboli, disseminert intravaskulær koagulasjon (DIC) og pre-eklampsi).

## Prøvemateriale



Citratblod eller citratplasma.

Fyll citratrør (blå kork) til merka volum og bland godt.

Materialet er haldbart i to døgn i romtemperatur.

## Referanseområde

< 0,4 mg/L

## Tolkingar

Berre høge verdiar har patologisk betydning og kan sjåast ved fleire sjukdomstilstandar: Djup venetrombose (DVT), lungeemboli, disseminert intravaskulær koagulasjon (DIC), lungemetastasar, ovarietumor, postoperativt, traumer.

Negativ test betyr at det er betydeleg redusert sannsynlegheit for djup venetrombose og lungeemboli.

D-dimer > 4 mg/L vil bli forsøkt varsla (gjeld berre tilsende prøver).

**Feilkjelde:** Unngå langvarig stase.